

# KOMMUNEVALPROGRAM 2019 – 2023

## SOGNDAL SENTERPARTI



## SOGNDAL I FRAMTIDA

### - hjarta i Sogn

God, attraktiv, spennande og tilgjengeleg!

På lag med folket og framtida  
– ein kommune i vekst og utvikling

sp.no



## NYE SOGNDAL KOMMUNE

Senterpartiet vil at Sogndal kommune skal vera motor for regional utvikling i Sogn. Målsetjinga er at Sogn samla skal bli ein sterk bu- og arbeidsregion i nye Vestland. Me vil søkja eit godt samarbeid med andre kommunar og regionar slik at me kan bidra til vekst og utvikling i eigen kommune og hjå våre naboar.

Sogndal må vidareutviklast som regionsenter. Me vil byggja vidare på sterke kompetansemiljø og styrkja Leikanger og Sogndal si rolle som vertskap for regionale og statlege arbeidsplassar. Me vil vera med og leggja til rette for at Sogndal kommune skal vera eit av dei beste handels- og servicesentera i fylket for å demma opp for handelslekkasje.

Kommunen skal ha ei klår og tydeleg politisk leing med ein god og open politisk kultur. Han skal levera gode tenester til innbyggjarane, og drivast på ein forsvarleg økonomisk måte som gjev handlingsrom og ressursar frigjort til utviklingsarbeid. Klima, miljø og ei berekraftig utvikling i tett samarbeid med fagmiljø på dette feltet vil stå sentralt i utviklinga av kommunen.

Sogndal kommune skal vera eit inkluderande samfunn der det er trygt og godt å bu og leva. Me vil arbeida for vidare folkevekst og ta godt imot nye innbyggjarar. Kommunen har òg ei viktig rolle som vertskommune for elevar og studentar som skal trivast i kommunen vår.



**1. KANDIDAT**  
Arnstein Menes  
BALESTRAND



**2. KANDIDAT**  
Karen Marie Hjelmeseter  
FARDAL



**3. KANDIDAT**  
Malén Røysum  
LEIKANGER

## VERDIGRUNNLAG

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me vil ha eit samfunn med frie sjølvstendige menneske, som med tru på egne evner tek ansvar for sitt liv, for fellesskapet, natur og miljø.



Sogndal Senterparti trur på ein desentralisert struktur, som tek i vare og utviklar kvalitetane frå alle dei tre samanslegne kommunane.

## FRITID, KULTUR, KYRKJE OG LIVSSYN

Senterpartiet ynskjer å støtta godt opp om det rike organisasjonslivet og frivilligheita som gjer ein stor innsats, og vidareutvikle breidda i kulturtilbodet i kommunen. Sogndal kommune har fantastiske friluftsområde, og me ynskjer å leggja til rette for bruk i godt samarbeid med grunneigarane og brukarane.

### Me vil

- ha desentraliserte tilbod med rikt organisasjonsliv i heile kommunen
- skapa treffpunkt og vera ein støttespelar for drift av samfunnshus, grendahus og ungdomsklubbar i kommunen
- støtta opp om og sikra eit breitt og desentralisert kulturskuletilbod og satsa på korps og skulemusikk
- vidareutvikla Sogndal kulturhus som eit framtidretta kulturhus i regionen. Dette er einaste stoppestad for Rikskonsertane, Riksteateret og Bergen Filharmoniske Orkester i regionen, som er attraktive og gode tilbod som er viktige å vidareføra.
- at kommunen skal ha eit symjeanlegg i Leikanger med tilstrekkeleg kapasitet
- realisera fleirbrukshall og basishall i Sogndal
- vidareutvikla ski- og fritidsdestinasjonen for større heilårsaktivitet
- sikra at kulturminna vert tekne vare på og gjort tilgjengelege
- sikra eit godt vedlikehald av kyrkjebygga i kommunen og tenlege gravlundar som dekkjer behova i sokna
- sikra tenlege og verdige seremonilokale for seremoniar som namnedag, konfirmasjon, vigsel og gravferd for alle livssyn
- halda oppe og vidareutvikla Frivilligsentralen





## BU- OG ARBEIDSSOMRÅDE

Senterpartiet ynskjer at kommunen skal vera blant dei mest attraktive i landet å busetja seg i. Me vil leggja til rette for bustadtomter i heile kommunen, som så langt som råd ikkje legg beslag på drivverdig matjord.

### Me vil

- sikra eit tenestetilbod som legg til rette for busetnad i alle delar av kommunen
- at kommunen skal ta eit større økonomisk ansvar for bustadutviklinga, mellom anna gjennom etablering av kommunalt bustadselskap
- ha tilgjengeleg rimelege husvære med sosial profil
- leggja til rette for spreidde, mindre bustadklyngjer utanfor dei tre gamle kommunesentra
- regulera og byggja infrastruktur for nytt kommunalt bustadfelt i Henjabakkane på Leikanger
- at eldre og personar med nedsett funksjonsevne må ha moglegheit til å bu i heile kommunen
- busetja flyktningar i heile kommunen, og leggja til rette for god integrering ved m.a. å tilby praksisplassar og mentorordning
- vera ein god arbeidsgjevar og leggja til rette for at dei tilsette kan utøva gode tenester
- at kommunen skal etablera og eiga eit kommunehus på Leikanger. Val av løysing skal gjerast innan utgangen av 2020




# LANDBRUK OG MATPRODUKSJON

Senterpartiet ynskjer ei offensiv satsing på landbruk, både innan frukt, bær, husdyrhald og skog.



## Me vil

- styrkja eininga landbruk, sikre egne tenester innan rådgjeving og utvikling, og vidareføra samarbeidsprosjektet «Skog i Sogn»
- leggja til rette for ulike produksjonsformer gjennom kommunale tilskotsordningar
- leggja til rette for eit berekraftig landbruk der ein utnyttar ressursane og ivaretek kulturlandskapet
- ta vare på kjerneområda for landbruk og sikra vern av matjord
- ha ei tydelegare handheving av bu- og driveplikta
- støtta opp om næringsmiddelindustrien i kommunen





## NÆRINGSUTVIKLING

Senterpartiet vil vidareutvikla eit breitt samansett næringsliv i den nye kommunen. Me vil leggja til rette for gründerar, nyetablering av ulike verksemder, og knoppskyting/ vidareutvikling av eksisterande næringsliv.

Senterpartiet vil utvikle Sogndal si rolle som regionsenter. Me vil bevare og utvikla dei offentlege/statlege arbeidsplassane i kommunen og oppretthalde kompetansmiljøa, og Leikanger, sin status.

Eit aktivt landbruk og reiseliv heng nøye saman og er noko av det som skal gjera Sogndal til eit attraktivt reisemål også i framtida. Sogndal skal halda fram utviklinga innan heilårs reise- og friluftsliv på ein berekraftig måte, og leggja til rette for fjellsport, bruk av fjorden og aktivitetsbasert reiseliv.

### Me vil

- ha tilgjengelege næringsareal i heile kommunen for mindre/mellomstore bedrifter, i tillegg til større arealkrevjande verksemder
- utnytta matproduksjon og merkevarebygging innan reiseliv og næringsutvikling.
- sikra vidare utvikling av forskingsmiljøet innan frukt og bær
- vidareutvikla Campus Sogndal innan kunnskapsbasert tenesteproduksjon og sikra gode tenester for rettleiing til næringslivet
- fullføra og vera ein aktiv medspelar i Kaupus og Vitensenteret på Kaupanger
- støtta planane om etablering av fjordsenter i Fjærland
- støtta opp om etablering og utvikling av «Skaparstova» i Balestrand
- vidareføra Sogndal kommune som eit attraktivt reisemål gjennom til dømes tett samspel mellom eit aktivt landbruk og reiselivet
- halda fram utviklinga innan heilårs reise- og friluftsliv på ein berekraftig måte
- arbeida for å binda saman sterke reiselivstradisjonar sommarstid i Balestrand og Fjærland med vinterdestinasjonen Sogndal
- leggja til rette for aktivitetsbasert reiseliv, fjellsport og bruk av fjorden



## BARN OG UNGE, OPPVEKST OG OPPLÆRING

Senterpartiet ynskjer trygge og gode oppvekstvilkår for born og unge i eige nærmiljø og sikra at dei får gode relasjonar til sin heimplass. Tillit og samarbeid mellom heimen og tenestene som møter born og unge, og god tverrfagleg innsats mellom tenestene er viktig for å oppnå dette.



### Me vil

- oppretthalda dagens skulestruktur og krinsinndeling
- sikra at reisetida til skulen for dei yngste elevane vert så kort som råd og ikkje over 45 minutt
- sikra gode og veldrivne barnehagar og skulefritidsordningar med tilstrekkeleg kapasitet og bemannings- og pedagognorm til beste for borna
- halda fram det gode arbeidet som vert gjort på skulane i dag, og styrkja satsinga på lærartettleik og fysisk aktivitet
- tilby lærlingplassar og sommarjobbar til ungdom i heile kommunen
- halda fram det gode samarbeidet med dei vidaregåande skulane, folkehøgskulen og med Høgskulen på Vestlandet
- tilby norskopplæring til både flyktningar og arbeidsinnvandrarar i Sogndal og Balestrand





## HELSE OG OMSORG

Senterpartiet vil oppretthalda eit desentralisert helsetilbod som gjev gode tenester til alle innbyggjarar i ulike livsfasar.

### Me vil

- sikra dagens struktur på lege-, helse- og omsorgssenter
- leggja til rette for at ein kan bu heime lengst mogleg
- ha eit tenleg akutt-tilbod for alle innbyggjarar i kommunen og arbeida for gode ambulansetenester som sikrar akseptabel responstid
- sikra gode helsetenester for elevar og studentar med satsing på helsestasjon for ungdom
- arbeida for å få på plass att tannhelseteneste på Leikanger og oppretthalda tilbodet i Balestrand



# SAMFERDSLE, INFRASTRUKTUR OG KLIMA

Senterpartiet vil arbeida for å knyta kommunen tettare saman ved å byggja ut ein effektiv og trygg infrastruktur. Me vil støtta satsinga på å utvikla null-utsleppsteknologi for kollektivtransport



## Me vil

- arbeida for hyppigare ferjeavgangar i trekantsambandet Dragsvik–Hella–Vangsnes inkl. nattferje
- sikra realiseringa av bru over Esefjorden
- arbeida for utbetring av vegen Hella – Leikanger med lang(e) tunnel(ar)
- betra tilhøva for gåande og syklande, og arbeida for samanhengande sykkelveg Kaupanger – Leikanger og Årøy – Sogndal
- ha ei framtidretta løysing for trafikken gjennom Sogndal sentrum
- arbeida vidare for å realisera tunnel på Rv 5 Loftesnes – Kaupanger
- arbeida for trygge vegar gjennom rassikring og andre trafikktryggingstiltak
- auka tildeling til vedlikehald og opprusting av vegar kommunen har ansvaret for
- arbeida for betre kollektivtilbod mellom dei tidlegare kommunesentera, med god og tilrettelagd parkering for pendlarar
- arbeida for eit utvida tilbod med ekspressbåt til og frå Bergen
- styrkja tilbodet om serviceskysst for eldre og ordningar for trygg heimtransport av ungdom
- vidareutvikla Sogndal lufthamn med betre rutetilbod, lengre rullebane, flyhangar med nattstasjonert fly, tilrettelegging for elfly og betra vegtilkomst
- utvikla ein framtidretta klima- og miljøplan
- få på plass fleire ladestasjonar i heile kommunen
- satsa på utvikling av IKT og breiband
- arbeida for at fjordkryssing av Norafjorden skal gå via Stedjeåsen i staden for Øyrafjellet. Traseen skal ta mest mogeleg omsyn til friluftinteressene





# Sogndal Senterparti



**1. Ordførarkandidat  
Arnstein Menes  
(Balestrand)**



**2. Karen Marie  
Hjelmeseter (Fardal)**



**3. Malén Røysum  
(Leikanger)**



**4. Henrik  
Johannessen Selvåg  
(Kaupanger)**



**5. Magne Bruland  
Selseng (Kaupanger)**



**6. Diana Ekren  
Grundt (Leikanger)**



**7. Tore Feten  
(Balestrand)**



**8. Per Hilleren  
(Sogndal)**



**9. Kristin Rundsveen  
(Sogndal)**



**10. Laila Njøs  
Eikeland (Leikanger)**





**11. Anders Roseth Dale (Balestrand)**



**12. Bodil Merete Andersen Strand (Leikanger)**



**13. Anton Lee (Balestrand)**



**14. Ivar Slinde (Slinde)**



**15. Ingeborg Sivertstøl (Leikanger)**



**16. Berit Marie Ruud (Kaupanger)**



**17. Bjarte Stedje (Sogndal)**



**18. Janne Helen Midttun Vervik (Balestrand)**



**19. Svein Jarle Slinde (Fardal)**



**20. Olaug Marie Bjelde (Sogndal)**





# Sogndal Senterparti

## Kommunevallista 2019 – 2023, framhald

21	Jakob Ruud	2000	Kaupanger
22	Knut Eggum	1952	Leikanger
23	Ranveig Sætre	1981	Balestrand
24	Kamilla Dale	1997	Balestrand
25	Gabriel Skjulhaug Yttri	1997	Leikanger
26	Roy Kennet Rendedal	1981	Balestrand
27	Siri Johanne Oksholen	1984	Sogndal
28	Ole Simen Nesdal	1970	Leikanger
29	Frank Sætrehaug Fardal	1979	Kaupanger
30	Ina Nyland Høyvik	1986	Balestrand
31	Sølvi Mundal Sæterdal	1965	Fjærland
32	Niels Arne Therkelsen Torstad	1986	Sogndal
33	Hilde Kristin Hofslundsengen Valland	1963	Sogndal
34	Reidun Fimreite Kleiven	1970	Sogndal
35	Anders K Mundal	1985	Fjærland
36	Ryan McEvoy	1986	Sogndal
37	Anne Gro Hamre	1968	Sogndal
38	Vivian Hilleren	1980	Kaupanger
39	Anders J Bøyum	1954	Fjærland
40	Jo Palne Vikøren	1962	Leikanger
41	Siv Anita Hundershagen	1974	Fardal
42	Lise Elvagjeng	1977	Sogndal
43	Endre Gjerde	1944	Leikanger

**Kontakt Sogndal Senterparti:** v/Leiar Bente Sønsthagen  
E-post: [s\\_bente@hotmail.com](mailto:s_bente@hotmail.com) • Tlf. 41 46 46 62  
[Facebook.com/Sogndalsp](https://www.facebook.com/Sogndalsp) • [www.Senterpartiet.no](http://www.Senterpartiet.no)

